



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1735 - 18/20047

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå pbl § 1-8 og LNF-føremålet for frådelling av naustparsell til uttale - gbnr 124/1 Keilegavlen

Tiltak: Søknad om frådelling
Byggjestad: Gbnr: 124/1
Tiltakshavar: Sijoni Invest AS
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom på gbnr 124/1 Kjeilegavlen. Den nye grunneigedommen omfattar eksisterande naust og kai med omkringliggjande areal.

Utsnitt frå situasjonsplanen



Utsnitt frå kommunedelplanen



Det er oppgitt i søknaden at den nye egedomen skal disponerast av hytteeigedomane gbnr 124/24, 124/25 og 124/26 som ligg like nord for den omsøkte parsellen. Parkering skal skje på den enkelte hyttetomt.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknadar.

Kommunen har i skriv datert 20.06.2018 etterspurd situasjonskart der storleik på tomtegrensene er påført og tomtearealet er oppgitt.

Planstatus

Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad sin arealdel er avsett til LNF-føremål.

Søknaden er oversend landbruksavdelinga for vedtak etter jordlova.

VURDERING

Dispensasjon

Frådelinga er i strid med arealføremålet i plan og plan- og bygningslova § 1-8, det generelle byggjeforbodet (pbl) i strandsona. Det er søkt om dispensasjon. Vi forstår søknaden til å gjelda både arealføremål og § 1-8 i pbl.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om fradeling
Opplysninger gitt i nabovarsel
Delingskart
Kvittering for nabovarsel
Kvittering porto
Gbnr 124-1 grunnkart
Gbnr 124-1 ortofoto 2015
Gbnr 124-1 Oversiktkart med KPD

Kopi til:

Advokat Vegard Nataas Kaigaten 1D 5015 BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE Postboks 7900 5020 BERGEN